



Hillesvåg Ullvarefabrikk AS  
Arild Myhr  
Leknesvegen 259  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3143 - 17/32026

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.11.2017

## Løyve til arealoverføring - gbnr 196/40 Midtgård Midtgård

**Administrativt vedtak:** Saknr: 514/17

**Heimelshavar:** Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

**Søklar:** Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

**Søknadstype:** Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS søker om arealoverføring av om lag 290 m<sup>2</sup> frå gbnr 196/40 til 196/13. Arealet skal nyttast som tilleggsareal til bustadeigedomen gbnr 196/13.

Arealet som er søkt overført omfattar opparbeidd hageareal og areal med påståande garasje.

Det vert vist til søknad motteken 02.11.2017 med oppdatert dokumentasjon mottatt 03.11.2017.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 03.11.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustadar.

Det vert lagt til grunna at garasjen er lovleg etablert og at frådelinga kan skje til uendra bruk. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.



### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Ved mottatt søknad var dokumentert nabovarsling eldre enn eitt år. Ny nabovarsling vart gjennomført ved påskrift på partsliste på søknadsskjema. Det går ikkje fram av skjema om signatur gjeld mottatt varsel eller samtykke til tiltaket. Då nabofristen ikkje er ute, vert vedtaket send naboar med klagerett.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan datert 30.10.2015 som er mottatt 03.11.2017.

### **Vatn og avløp (VA)**

Ikkje relevant for tiltaket.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Omsøkt tiltak medføre inga endring i for hold til tilkomst, avkjørsle eller parkering.

## **VURDERING**

Det føl av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Omsøkte arealoverføring vil medføra at hageareal og garasje som er i bruk av gbnr 196/13 vert lagt til eigedomen. Arealoverføringa vil gje ein bustadtomt med tenleg storleik og vil ikkje gje uheldige verknader for avgjevareigedomen slik at denne vert ueigna for framtidig bruk.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er vist i situasjonsplan datert 30.10.2015 som er mottatt 03.11.2017.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til arealoverføring slik det er søkt om.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4 bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring frå gbnr 196/40 til 196/13 slik det er søkt om.**

**Grensene for arealet som skal overførast går fram av situasjonsplan datert 30.10.2015 som er mottatt 03.11.2017. Nøyaktig storleik på arealet vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Oppmåling**

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

### **Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Espen Nikolai Wahl  
Gonzalo Alejandro Correas

Kleivdalsvegen 45 5915  
Kleivdalsvegen 49 5915

HJELMÅS  
HJELMÅS

**Kopi til:**

Pernigotti

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Håkon Rongved

Jeanette Rongved

Leknesvegen 259 5915

Kleivdalsvegen 41 5915

Kleivdalsvegen 45 5915

HJELMÅS

HJELMÅS

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Leknesvegen 259 5915

HJELMÅS